

Marin sektor – Tiltaksplan 2020

Forankring

Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020 har følgjande mål:

«Vestland har mål om å vera Europas leiande region for Innovasjon, forsking og utdanning knytt til havnæringer og fornybar energiproduksjon.»

Det er særleg innsatsområdet Naturressursar –forvaltning og næringsutvikling som omhandler marin sektor, men også dei andre innsatsområda er relevante; særleg grøn konkurranseskraft, omstilling, forsking for styrka innovasjonsevne og kompetanse og karriere. Om marine næringar og havbruk:

“Marine næringar og havbruk Vestland fylkeskommune har fleire forvaltningsoppgåver innafor marine næringar og havbruk. Akvakulturforvaltninga er omfattande, gjennom handsaming av løyve til nye oppdrettslokaliteter, endring på eksisterande lokalitetar i sjø og på land og tildeling av nye løyve til landbaserte anlegg for produksjon av laks og aure, andre marine arter enn laks og aure og tare. I tillegg arbeider vi for at det leggast til rette tilstrekkeleg areal for ei berekraftig utvikling av næringa. Vestland fylkeskommune er òg ansvarlege for å førebu og utarbeide framlegg til regional forskrift som regulerer taretråling. Fylkeskommunen har eit forvaltningsansvar for fiskerihamner, og tildeler fiskekvotar til vidaregåande skular og lærlingkvotar innan fiskeri. ”

Dette er ein tiltaksplan for den marine innsatsen i Vestland fylkeskommune i 2020. Den er avgrensa til område der fylkeskommunen kan gjere ein forskjell for å bidra til ei lønsam og berekraftig marin næring.

Mål

FN s berekraftmål

Tiltaksplanen rettar seg særleg mot å bidra til å nå FN berekraftmåla: nr 8 “Anstendig arbeid og økonomisk vekst”, nr 9 «Innovasjon og infrastruktur», nr 14 «Liv under vatn» og nr 17 «Samarbeid for å nå måla».

Mål for marin sektor

Vestland fylkeskommunen skal støtte opp om marine næringar på Vestlandet og bidra til arbeidsplassar og berekraftig vekst basert på samarbeid og kunnskap om marint miljø samt legge til rette areal for vidare vekst i sjømatnæringa.

Strategi for arbeidet

- Internt samarbeid på tvers av avdelingar og seksjonar
- Samarbeid med regionale statlege mynde
- Samarbeid med regionale partnarar og miljø som klynger, næringshagar, nettverk og FoU-institusjonar
 - Samarbeid om akvakulturforvaltning i det nasjonale nettverket FAKS
 - Samarbeid med kommunane om tilrettelegging for akvakulturnæringa gjennom planlegging
 - Delfinansiering av prosjekt og tiltak

Innsatsområde

A Kunnskapsbasert akvakulturforvaltning

- a) Oppretthalde god kvalitet i saksbehandlinga
- b) Bidra til å minske negative miljøeffektar av akvakultur gjennom framskaffing av ny kunnskap, t.d. kartlegging av marint biologisk mangfald
- c) Kunnskapsbygging og deling gjennom møteplassar, seminar og workshops

B Arealbruk og arealplanlegging

- a) Planlegging for akvakultur etter plan- og bygningslova. Ny nasjonal rettleiar for planlegging i sjø er snart på plass. Samarbeide med kommunane for å sikre at det planleggast eigna og tilstrekkelege område for akvakultur i arealplanar. Areal for andre artar enn laks og aure, ny teknologi, offshore, landbasert akvakultur osb.
- b) Marine grunnkart bør dekke heile fylket for å nyttast som kunnskapsgrunnlag.
- c) Lokalitetsstruktur og miljømessig berekraft som felles løft jmf. Havforskningsinstituttet (HI) sin utgreiing om tema. Ta lærdom av prosjektet «*Moglegheitsstudie for framtidsretta akvakultur i nye Øygarden kommune*» og vidareformidle denne kunnskapen.

C Grøn verdiskaping, innovasjon, forsking og næringsutvikling

- a) Gjennom kontakt med marint næringsliv, bedrifter og FoU miljø skal vi informere om moglegheitene for finansiering gjennom mellom anna Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling 2020, Regionalt Forskingsfond Vestland, FORREGION (VRI4 og MobIFORSK), NORA og INTRERREG.
- b) Vestland fylkeskommune skal bidra til å få etablert gode prosjekt innan næring og innovasjon og grøn verdiskaping. Marine prosjekt bør vere innan tema nye ingrediensar til fiskefor og andre artar enn laks og aure (t.d. tare, mikroalger, skjel og marin fisk) - og i tråd med utlyste ordningar. Vi skal bidra til å skaffe fram kunnskap og forskningsbasert støtte i innovasjonsprosesser. Muligheter for støtte av kompetansemeklar, forprosjekt og gjennomføring av nettverksmøte er aktuelt for marine bedrifter.
- c) Ha merksemd på andre artar enn laks og aure, særleg lågtrofiske artar som t.d tare

D Kompetanse og rekruttering

- a) Måløy vidaregåande skule er inne i eit omfattande prosjekt for å tilpasse skuleanlegget ved dei marine linjene til næringslivet sine behov for teoretisk kompetanse og praksis. Det er under bygging eit nytt opplæringsfartøy for fiskeri og under planlegging ny "Akvakulturhall" for opplæring i naturbruk, akvakultur og realfag.
- b) Midlar frå havbruksfondet er essensielt for vidare utvikling av opplæringsstilbodet i akvakultur og fiskeri.
- c) Vidaregåande skular med undervisningskonsesjonar for laks og aure disponerer fond basert på utleige av biomassen til kommersielle aktørar. Midlane frå desse skal i samsvar med vilkåra frå Fiskeridirektoratet nyttast til vidareutvikling av opplæringsstilbodet i akvakultur.
- d) Gjennom mange år har fylkeskommunen i samarbeidd med opplæringskontoret for fiskeri og havbruksfag arrangert marine rekrutteringsleirar for elevar i 10. klasse. Desse har hatt rekordsøknad dei siste åra, og ein ser no fleire elevar att på vidaregåande skule sine linjer innan marin opplæring.
- e) Prosjektet "Kompetanseløft vidaregående og fagskole på Vestlandet innan ny og miljøvennlig teknologi, akvakultur". - Pågående prosjekt som vert følgt opp.
- f) FORREGION- Kapasitetsløftprosjektet KABIS (Universitetet i Bergen (UiB), Høgskulen på Vestlandet (HVL) og NORCE) inneheld auka forskingskapasitet

og utdanning innan ny teknologi og RAS (landbaserte resirkuleringsanlegg) for akvakultur. Fylkeskommunen er ikke med finansiering og har plass i styringsgruppa.

E Fiskeri

- a) Fiskeri er eit omfattande og komplekst fagfelt der fylkeskommunen førebur høyringar for politisk handsaming og jobbar med utviklingsretta tiltak.
- b) Nor-Fishing er ei salsmesse som samlar store deler av fiskerinæringa anna kvart år, Det vert organisert fylkesstand for bedrifter frå Vestland i 2020.
- c) Fylkeskommunen overtok ansvaret for 99 statlege fiskerihamner frå 01.01.2020. Byggavdelinga har eigarskapen til infrastrukturen på hamnene, men eit samarbeide på tvers vil vere naudsynt med omsyn til næringsaktiviteten på hamnene.
- d) Skulekvotar: Med bakgrunn i tal elevar på Naturbruk og fiske og fangst ved våre vidaregåande skuler, vert ei nasjonal fiskekvote for fleire fiskeslag fordelt ned til skulene. Avdelinga har avgrensa ansvar, mest knytt til formidling av kvoter og tal elevar mellom skule og Fiskeridirektoratet.

Tiltaksplan

Prosjekt/tiltak	Samarbeid med	Når	Kostnad og finansiering
Dialog/informasjonsmøte for kommunar og næring om ny rettleiar for planlegging i sjø.	Fylkesmannen i Vestland Fiskeridirektoratet VLFK-plan og strategi Kommunar og regionråd	Truleg haust 2020	Om lag kr 30 000, ikke finansiert pr no
Korallkartlegging i Brufjorden	Fylkesmannen Fiskeridirektoratet Havforskningsinstituttet	Pågående 2019-2021	Kr 300 000, dekket av Miljødirektoratet
Vidareutvikle FAKS samarbeid	Fylkeskommunar på kysten	2020-2030	Kr 200 000 pr år, ikke finansiert pr no
Miljøseminar for akvakulturnæringa - planlegging og gjennomføring	Fylkesmannen i Vestland, Fiskeridirektoratet Region Vest Sjømat Norge	2020 planlegging 2021-februar	Kr 50 000, ikke finansiert pr no
Planlegge tare-workshop	Norges Vel	2020-2021	Kr 50 000, ikke finansiert pr no
Nor-Fishing 2020	Næringsa	august 2020	Kr 400 000, dekket med midlar avsett frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019
AquaNor 2021 (august) Planlegge i 2020	Rogaland fylkeskommune NCE SeaFood GCE Ocen Techology Invest In Bergen NORCE HVL	2021	Kr 600 000, ikke finansiert pr no
Marine messer: vurdere og prioritere vidare engasjement	Klynger næringsa	2022	Eige arbeid i vurderingsfasa
Nye artar - kartlegge bedrifter	Fiskeridirektoratet	2020	Eige arbeid
Modell for samarbeid med kommunane – planlegging for akvakultur	Plan- og strategiavdelinga og fylkesmannen og kommunar	2020	Eige arbeid
Mobilisering til marin forsking i bedrifter	VRI4, MobiFORSK og RFF Vest NFR	2020	Eige arbeid
Planlegging. Marine grunnkart til heile Vestland Skaffe finansiering	Havforskningsinstituttet Kommunane Plan og strategiavdelinga	2020	Eige arbeid
Marine grunnkart Sogn og Fjordane Pågående arbeid	NGU	2019-2023	Vedtak på finansiering i tidlega

			re Sogn og Fjordane, totalt kr 2 624 000
Akvakulturhall Måløy	Måløy vidaregåande skule Avdeling for opplæring og kompetanse Avdeling for innovasjon og næring	2020-2021	Forprosjekt finansiert av MAREKO ⁱ , 1 mill kr
Utviklingsprosjekt innan berekraftig havbruk Planlegging og finansiering	Ekstern samarbeidspartnarar, m.a. Mattilsynet Fiskeridirektoratet Fylkesmannen Kommunar og fleire Andre avdelingar i fylkeskommunen	2020	Kr 200 000, midlar frå handlingsprogram 2020
Digitalisering av skulevoter	Vestland fylkeskommunen, næring, IKT og opplæring	2020	Eige arbeid
Oppdatere vedtekter for fond knytta til undervisningskonsesjon	Vidaregåande skular i Måløy, Austevoll og Fusafjord	2020	Eige arbeid
Vurdere relevans og svare på offentlege høyringer - havbruk og fiskeri	Vestland fylkeskommune	2020	Eige arbeid
Fagtur med samarbeidande etatar	Mattilsynet, Fylkesmannen, Fiskeridirektoratet, Kystverket og nokre andre fylkeskommunar	2020	Omlag kr 50 000, ikkje finansiert pr no
Marine rekrutteringsleirer	Opplæringskontoret næringsaktørar	2020	Kr 220 000, ikkje finansiert pr no
Koordinere kontakt /møteplass mellom skule og næringsliv og høgare utdanning - høgskule- og universitetssektoren	Vidaregåande skular Opplæringsavdelinga Høgskulen på Vestlandet Universiteta	2020	Eige arbeid

ⁱ MARKO: Marint rekrutterings og kompetansehevingsfond Sogn og Fjordane. Fondet er etablert på grunnlag av leigeinntekter av undervisningskonsesjonen til Måløy vidaregåande skule.